



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 21.05.2015  
**Tidspunkt:** 14:00 – 16:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Jens Harald Abotnes	Leiar	KRF
Hans Solberg	Nestleiar	SP
Elin Dyrseth Liøen	Medlem	AP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Lena Tveit	Medlem	BY

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Ansvarleg revisor/partner Deloitte – i sakene til og med PS 19/15
Gunnar Hoff	Ansvarleg revisor/forvaltn.revisj. Deloitte – i PS 15/15 og RS 9/15
Tone Ramsli	Rådmann – i PS 17/15
Nina Erdal	Økonomisjef – i PS 17/15
Marit Aksnes Aase	Ordførar – sakene til og med PS 17/15
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – heile møtet

Jens Harald Abotnes  
utvalgsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 13/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 14/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 15/15	Henvending vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune		2014/240
PS 16/15	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune		2014/235
PS 17/15	Årsrekneskap 2014 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet		2014/231
PS 18/15	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 for Samnanger kommune		2014/207
PS 19/15	Referatsaker		
RS 7/15	Orientering om strategisk næringsplan i BRB		2014/188
RS 8/15	Vedtak i kommunestyret om årsmelding for kontrollutvalet for 2014		2014/236
RS 9/15	Orientering til kontrollutvalet om status for arbeid med forvaltningsrevisjon		2014/226
PS 20/15	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune		2014/238
PS 21/15	Gjennomgang av møteprotokollar		2014/232
PS 22/15	Eventuelt		

## **PS 13/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 14/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.02.15.

#### **Vedtak:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 17.02.15 vart samrøyses godkjent.

## **PS 15/15 Henvending vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Møtet vart lukka under handsaminga av saka etter § 13 i Offentleglova, jamf. Forv.lova § 13 e. Tilstades under handsaminga var ansvarlege revisorar Gunnar Hoff og Bjarne Ryland frå Deloitte og ordførar Marit Aksnes Aase.

Kontrollutvalet drøfta saka ut frå informasjon som var sendt ut i posten, gradert som ikkje offentleg. Klagen som er sendt til kontrollutvalet vart gjennomgått og nøye drøfta. Det vart og orientert om annan korrespondanse / mailutveksling mellom kommunen og innbyggjar som har klaga på sakshandsaming i Samnanger kommune.

Konklusjon etter drøfting blei at kontrollutvalet ønskjer å få ein gjennomgang av saka av ein uhilda instans. Utvalet ønskte å be Deloitte om ein slik gjennomgang. Gunnar Hoff orienterte om at Deloitte kan gjennomgå saka for kontrollutvalet og koma med ei vurdering / eit notat om sakshandsaminga i saka. Det vart stadfesta at eit slikt notat kan ligga føre til kontrollutvalet sitt neste møte, som er fastsett til 22.06.15. Kontrollutvalet bad og om at informasjon om dette vert sendt til vedkomande som har sendt klagen. Vedtak som vart fatta i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte føreta ein gjennomgang og gjera ei vurdering av sak vedr. klage på sakshandsaming i Samnanger kommune.
2. Notat med revisor sine vurderingar skal leggst fram for kontrollutvalet i møte 22.06.15.
3. Det skal sendast melding om handsaming av saka i dette møtet til den innbyggjaren som har sett fram klagen.

## **PS 16/15 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor Bjarne Ryland var tilstades under handsaminga av saka, og presenterte uavhengighetserklæringa. Kontrollutvalet har ingen merknader til erklæringa. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

## **PS 17/15 Årsrekneskap 2014 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2014.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann, økonomisjef, revisor og ordførar var tilstades under handsaminga av saka. Årsrekneskapen vart kort presentert. Resultatet som ligg føre og den økonomiske situasjonen kommunen står ovanfor vart særleg trekt fram. Rådmann peika på utfordringar ein ser med økonomisk utvikling framover, og at det meste av fondsreservar, mellom anna disposisjonsfondet, er brukt opp.

Revisor presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport, og tilrådingar som kjem fram i revisjonsrapporten vart gjennomgått og kommentert.

Kontrollutvalet drøfta og kommenterte rekneskap, årsresultat og den økonomiske situasjonen. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2014.

## **PS 18/15 Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 for Samnanger kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at det ikkje er gjennomført arbeidsgjevarkontrollar i 2014, og at dette ikkje er i tråd med regelverket. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningsliner gjeve av Skattedirektoratet. Kontrollutvalet har merka seg at frå 2015 skal slike kontrollar gjennomførast i Samnanger.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Årsrapportene vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen vart kort gjennomgått og kommentert. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert i det alt vesentlege utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet merkar seg vidare at det ikkje er gjennomført arbeidsgjevarkontrollar i 2014, og at dette ikkje er i tråd med regelverket. Skatteoppkrevjaren har difor ikkje oppfylt sine plikter etter skattebetalingsloven § 5-13 og tilhøyrande retningsliner gjeve av Skattedirektoratet. Kontrollutvalet har merka seg at frå 2015 skal slike kontrollar gjennomførast i Samnanger.
3. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

**PS 19/15 Referatsaker****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015****Handsaming i møtet:**

- RS 7/15 – vedr. orientering om Strategisk Næringsplan BRB – her vart opplyst at planen var sak på kommunestyremøte 20.05.15, og at det var gjort vedtak om å ikkje godkjenne denne. Kontrollutvalet ønskjer å halda seg oppdatert med informasjon om ny handsaming av Strategisk Næringsplan BRB.
- RS 8/15 - Vedtak i KST om KUV-årsmelding for 2014 – gjennomgått og teke til orientering.
- RS 9/15 - Orientering om status for arbeid med forvaltningsrevisjon. Gunnar Hoff frå Deloitte orienterte om status før han gjekk frå møtet. Rådmann var og tilstades. Det vart opplyst at det vil vera vanskar med å få rapporten ferdig innan fristen, som er utgangen av mai. Kontrollutvalet vedtok då at møtedato skal utsetjast til 22.06.15, slik at rapport kan handsamast i kontrollutvalet før sommarferien, og vidaresendast til kommunestyret for handsaming til hausten.

**Vedtak:**

Referatsakene vert teke til orientering. Dato for neste kontrollutvalsmøte vert endra til 22.06.15 kl.11.00.

**PS 20/15 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune****Forslag til vedtak**

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Samnanger kommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2016.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode vil kontrollutvalet velja:
  - a. Alt. 1: - Kontrollutvalet ber rådmann om å få disponera kommunen sin innkjøpsansvarlege.
  - b. Alt. 2: - Kontrollutvalet ber sekretariatet innhenta tilbod frå tre alternative firma, om bistand i prosessen.
  - c. Alt. 3: - Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.
4. Bistand omfattar:
  - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
  - utkast til konkurransegrunnlag
  - kunngjering
  - protokollføring
  - evaluering av innkomne tilbod
  - varsel om tildeling
  - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
  - deltaking i aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret.
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk og drøfta saka. Utvalsleiar gjorde framlegg om å velja alternativ 3, som inneber å be sekretariatet om å bistå kontrollutvalet i prosess med innkjøp av revisjonstenester for ny avtaleperiode. Forslag til vedtak vart deretter samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Samnanger kommune med sikte på at ny kontraktsperiode skal gjelda frå 01.07.2016.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode vil kontrollutvalet velja:  
Alt. 3: - Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.
4. Bistand omfattar:
  - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
  - utkast til konkurransegrunnlag
  - kunngjering
  - protokollføring
  - evaluering av innkomne tilbod
  - varsel om tildeling
  - utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter
  - deltaking i aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret.
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

## **PS 21/15 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Aktuelle protokollar vart gjennomgått. Det var ingen saker kontrollutvalet ville sjå nærmare på, på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **PS 22/15 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.05.2015**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt i dette møtet.